

Dykkar ref.

Vår ref.  
23/7734-3Dato:  
26.05.2023**No kan de nominere kandidatar til Øygarden eldreråd 2023 - 2027**

Det skal velgast nytt eldreråd for kommunestyreperioden 2023 - 2027. Organisasjonar som representerer eldre har rett til å fremme forslag om medlemmar, medan det er kommunestyret som vedtar samansetninga av rådet.

Vi håper at dykkar organisjon vil foreslå samfunnsengasjerte og motiverte kandidatar!

Der det er relevant ber vi dykk vidaresende dette skrivet til lokallaga, og de kan også dele denne invitasjonen med andre.

**Krav til nominasjon**

Det er ikkje avgrensingar i kor mange kandidatar de kan foreslå. Rådet treng også varamedlemmar, og det kan verte aktuelt med suppleringsval dersom nokon må trekke seg eller får fritak.

Vi vil difor oppmode om at de foreslår alle dei kandidatane de tenker vil passe til vervet, men at de prioriterer dei som vert foreslått. Vi vil og be om at de begrunnar nominasjonen av kvar einskild kandidat, med informasjon om til dømes alder, yrkeserfaring, interessefelt, og annan kompetanse som vedkommande kan bringe inn i rådet.

Før de foreslår kandidatar ber vi om at kandidatane har fått informasjon om kva vervet ev. vil innebære, og har samtykka til dette.

**Krav til kandidatar**

Det må vere minst 40% av kvart kjønn på medlemslista og varamedlemslista, og fleirtalet i rådet skal vere over 60 år (ein kan altså også foreslå yngre, til dømes pårørane til eldre), og rådet bør vere breidt samansatt med tanke på bl. a. bakgrunn. Dette må ikkje de ta omsyn til, men det kan vere greitt å vere klar over.

Det er elles ikkje eit krav at kandidatar skal vere busette i kommunen, men ettersom rådet arbeider med dei kommunale tilhøva vil det nok vere ein fordel med kjennskap til Øygarden

**Besøksadresse**  
Øygarden rådhus  
Foldnesvegen 1  
5354 STRAUME**Postadresse**  
Ternholmvegen 2  
5337 RONG**Kontonummer**  
1506.24.29981  
**Organisasjonsnummer**  
922 53 0890**E post**  
[postmottak@oygarden.kommune.no](mailto:postmottak@oygarden.kommune.no)  
**Telefon**  
56 16 00 00

kommune. Dersom det er ynskjeleg, kan de også foreslå kandidatar som ikkje er medlem i organisasjonen.

Det som er viktig, er at vedkommande er motivert til å gjere ein innsats for eldre i kommunen! I tillegg til motivasjon bør dei nominerte ha evne til å sette seg inn i nye område og saker, og ha tid og evne til å førebu seg til møta, og sjølvsagt stille i møta. Ein treng ikkje ha politisk erfaring eller liknande. Opplæring vil bli gjeve.

### **Om eldrerådet og rådsarbeidet**

Eldrerådet er eit rådgjevande organ for kommunen. Eldre er ofte underrepresenterte i demokratiske fora, og eldrerådet skal vege opp for dette. I hovudsak vert dette gjort ved at rådet får høve til å uttale seg om politiske saker som gjeld tilhøva for eldre i kommunen, før det vert gjort vedtak i saka i øvrige politiske organ. Rådet kan også ta opp saker på eige initiativ.

Det meste av arbeidet foregår i offentlege og noko formelle møte. Ein kan rekne med at det vert om lag sju møte i året, og ein må også rekne med at det går med ein del tid til å førebu seg til møta ved å lese sakspapir og gjere seg opp meiningar om sakene. Medlemmane får gjerne også høve til å ta del i ulike medverknadsarrangement og arbeidsgrupper i regi av kommunen.

Ta gjerne kontakt med kommunen dersom de ynskjer meir informasjon. Til orientering vil tilsvarande informasjon også verte lagt ut på kommunen sine nettsider.

Nominasjonar og andre henvendelar kan sendast til [postmottak@oygarden.kommune.no](mailto:postmottak@oygarden.kommune.no) innan 17.09.23, eller ring ev. sentralbordet på 56 16 00 00 som så vil sluse dykk vidare.

Med helsing

Marielle Solheim  
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur